

## **Behandling i Fylkesutvalet - 07.12.2015**

Kristin Sørheim (SP) fremma følgjande fellesforslag:

«1. Møre og Romsdal fylkeskommune går ikkje inn for ei omfattande omklassifisering av fylkeskommunale vegar. Fylkeskommunane har vist seg å vere gode vegeigarar, under føresetnad av at dei vert tildelt midlar for å følgje opp fylkesvegane og fylkesvegferjene når det gjeld drift og vedlikehald og investeringar.

2. Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at følgjande strekningar blir vurdert i høve til kriteria:

FV 60: Bør vurderast på grunn av delt eigarskap mellom fleire fylke og som ein veg med sterke næringsinteresser og tilknytning til E 39.

FV 61: Inkludert ferjesambandet Hareid-Sulesund – må vurderast overført til riksveg når utgreininga om Kyststamvegen og ferjefri E 39 er ferdig. Vegen kan klassifiserast som «større vegar med sterke næringsinteresser».

FV 64: Vegen kan klassifiserast som «større vegar med sterke næringsinteresser» og den er Nasjonal turistveg med tilknytning til E 136 og Raumabanen.

FV 65: Er ei særdeles viktig transportåre for næringslivet ut av fylket og med delt eigarskap i fleire fylke, med tilknytning til viktig hamn (Surnadal), kan klassifiserast som «større vegar med sterke næringsinteresser».

3. Fylkeskommunen tok over dei tidlegare riksvegane i 2010, i samband med forvaltningsreforma. I denne prosessen var fylkeskommunen kritisk til om denne reforma vart fullfinansiert, og ein ser i ettertid at vegvedlikehaldsetterslepet som fylket arva frå dei gamle riksvegane, er på minst 5,7 mrd. kroner berre i Møre og Romsdal fylke. Vi ser klart utfordringane som er på desse fire svært viktige næringsvegane, der ein til dømes ser dei store utfordringane ein har på nokre av landets største ferjesamband, Hareid-Sulesund, Aursnes-Magerholm og Åfarnes-Sølsnes.

4. Ved ei eventuell omklassifisering må Staten ta over alle kostnader som Møre og Romsdal fylkeskommune har, knytt til desse strekningane, og økonomisk overføring må ikkje reduserast til ugunst for fylkeskommunen.»

### **Votering:**

Fellesforslaget blei samråystes vedteke.

## **Samråystes vedtak i Fylkesutvalet - 07.12.2015**

1. Møre og Romsdal fylkeskommune går ikkje inn for ei omfattande omklassifisering av fylkeskommunale vegar. Fylkeskommunane har vist seg å vere gode vegeigarar, under føresetnad av at dei vert tildelt midlar for å følgje opp fylkesvegane og fylkesvegferjene når det gjeld drift og vedlikehald og investeringar.

2. Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at følgjande strekningar blir vurdert i høve til kriteria:

FV 60: Bør vurderast på grunn av delt eigarskap mellom fleire fylke og som ein veg med sterke næringsinteresser og tilknytning til E 39.

FV 61: Inkludert ferjesambandet Hareid-Sulesund – må vurderast overført til riksveg når utgreininga om Kyststamvegen og ferjefri E 39 er ferdig. Vegen kan klassifiserast som «større vegar med sterke næringsinteresser».

FV 64: Vegen kan klassifiserast som «større vegar med sterke næringsinteresser» og den er Nasjonal turistveg med tilknytning til E 136 og Raumabanen.

FV 65: Er ei særdeles viktig transportåre for næringslivet ut av fylket og med delt eigarskap i fleire fylke, med tilknytning til viktig hamn (Surnadal), kan klassifiserast som «større vegar med sterke næringsinteresser».

3. Fylkeskommunen tok over dei tidlegare riksvegane i 2010, i samband med forvaltningsreforma. I denne prosessen var fylkeskommunen kritisk til om denne reforma vart fullfinansiert, og ein ser i ettertid at vegvedlikehaldsetterslepet som fylket arva frå dei gamle riksvegane, er på minst 5,7 mrd. kroner berre i Møre og Romsdal fylke. Vi ser klart utfordringane som er på desse fire svært viktige næringsvegane, der ein til dømes ser dei store utfordringane ein har på nokre av landets største ferjesamband, Hareid-Sulesund, Aursnes-Magerholm og Åfarnes-Sølsnes.

4. Ved ei eventuell omklassifisering må Staten ta over alle kostnader som Møre og Romsdal fylkeskommune har, knytt til desse strekningane, og økonomisk overføring må ikkje reduserast til ugunst for fylkeskommunen.